

No kjem klatreparken. Treng dugnadshjelp.

13.09.2017



Det vert utfordringar for dei fleste i klatreparken.

Det er veldig kjekt å følgja med på korleis arbeidet med «Gull av grus»-prosjektet går på fram. Det er ein imponerende innsats som vert lagt ned av eldsjelene. Snart startar oppbygginga av den flotte klatreparken. Då vert det behov for dugnadshjelp, og det er å håpa at dugnadsbygda viser seg frå si beste side.



I dette området skal klatreparken snart vera klar.

«Gull av grus» er no i oppstartinga av sitt tredje prosjekt. Det er ikkje mange dagane sidan ein vart ferdig med å leggja asfalt og montera treningsapparat. No er det klatreparken som skal opp. Parken vart tinga i vår og levert i sommar. Grunna ferie for montøren er vi først no klar for montering, fortel Steinar Haugland i gruppa som har ansvar for klatreparken.

Han fortel vidare at leverandøren har gjeve parken namnet «Edderkoppens heim», og den har målgruppe frå fyrste til sjuande klasse. Den er bygd opp av stokkar som vert støypt fast og utgjer reisverket. Det vert så strekt tau mellom stökkane.

- Vi er svært nøgde med at vi har klart å finansiera ein så stor og spektakulær park. Høgaste utfordringa vert ein pyramide som er over seks meter høg. Vi trur det skal verta utfordringar for dei fleste, seier Steinar fornøgd og legg til at mellom hindera skal det leggjast eit førti centimeter tjukt lag med fallgrus for å ta vare på tryggleiken.

Arbeidet med parken er alt i gang. I førre veke var Brødrene Musland på plass og retta av og drenerte området der parken skal stå.




Med montør frå leverandøren og dugnadshjelp skal dette bli klatrepark.

Måndag 25.09 kjem montøren og tek fatt på sjølve monteringa. Montøren må ha med seg eit par dugnadsfolk. Han kjem til å jobba frå morgon til kveld, og vi må dela dugnadsjobben i fleire vakter. Arbeidet vil innebera å skru saman dei ulike apparata og montera desse opp, seier Haugland og håpar på velvilje og god respons. Han fortel vidare at Brødrene Musland stiller med gravemaskin, og denne vil ta dei tunge løfta. Arbeidet vil ta ca. fire dagar så det trengs ein solid dugnadsinnsats.

- Vi ber såleis folk som har høve til å hjelpa ein dag eller fleire om å ta kontakt så snart som råd, slik at vi kan setja opp ei arbeidsfordeling, oppfordrar Steinar Haugland som er ei av mange eldsjeler som gjer sitt til at vi får ein flott og attraktiv aktivitetspark sentralt i bygda.

For påmelding til dugnad kan du kontakta Steinar Haugland på telefon 41042659.



Skisse som viser parken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland  
Illustrasjonsteikningar frå leverandøren av parken.